



AV TUVA BJØRKVOLD, FORFATTAR, RESSURSLÆRAR  
FOR NYSGJERRIGPER OG HØGSKOLELEKTOR I  
NORSK VED HØGSKOLEN I OSLO OG AKERSHUS

## Kvifor Lesekrok i Nysgjerrigper?

Lesing er ei av fem grunnleggjande ferdigheiter som er innførte med Kunnskapsløftet. Lesing er ikkje lenger noko som berre er norsklæraren sitt ansvar. No er alle lærarar leselestrarar. Men kva betyr det eigentleg i praksis? Korleis kan ein jobbe med lesing i alle fag?

Det viktigaste elevane kan lære, er at dei ikkje alltid skal lese på same måten. Å leite etter fakta i ein tekst krev ei anna form for lesing enn det å lese for underhaldninga si skuld. Derfor må elevane få eit verkøy til å lese på ein formålstenleg måte, og få med seg det dei les.

Med Lesekroken vil Nysgjerrigper gi tips til korleis tekstane i Nysgjerrigper-bladet kan brukast til å auke lesekompetansen hos elevane. Til kvart blad får du ei ny utgåve av Lesekroken med utgangspunkt i ein av artiklane i bladet.

Lesekroken består av tre typar oppgåver. Den eine går på ein lesestrategi, den andre går på å lese mellom linjene (detektivlesing). I tillegg blir det ei oppgåve som tek i bruk andre innfallsvinklar. Kvar gong blir det ei kort teoretisk tilnærming til kvifor oppgåvene er laga som dei er.

UNDERVISNINGSSOPPLEGG TIL ARTIKKELEN «GEIT MED DIALEKT» I NYSGJERRIGPER NR. 4–12

## Finn forskinga bak artikkelen

Mange av artiklane i bladet «Nysgjerrigper» byggjer på konkret forskning. Dei er skrivne etter ein mal som gjer det enkelt for lesaren å skjønne kva forskarane har tenkt og gjort for å komme fram til resultatane. Fyrst seier dei noko om forskingsspørsmålet, problemstillinga og kva dei trur dei kjem til å finne. Vidare skriv dei om korleis dei har jobba, metoden. Så presenterer dei kva dei har funne ut, resultatane, og til slutt ein konklusjon. Denne strukturen kjenner vi att frå framgangsmåten i «Årets Nysgjerrigper». For elevar som sjølv forskar eller skal i gang med forskning, kan det difor vere nyttig å sjå korleis ein skriv ein forskingsartikkel.

Læraren bør tilpasse ordbruken til elevane. På sikt skal dei lære seg til dømes *problemstilling*, men om det er fyrste gong elevane leiter etter eit forskingsspørsmål, bør ein heller omformulere det uttrykket. Det kan vere formålstenleg å introdusere fagomgrepa munnleg fyrst, så elevane blir vane med kva dei tyder. Spørsmålet på elevsida er skriva i eit kvardagsleg språk, for at alle skal kunne finne svarene.

**Problemstilling** – forskingsspørsmål

**Hypotese** – kva forskarane trur dei kjem til å finne ut

**Metode** – korleis forskarane undersøker spørsmålet sitt

**Resultat** – kva forskarane finn ut

**Konklusjon** – korleis forskarane forstår det dei fann ut, og om dei hadde trudd rett frå starten



FOTO: SHUTTERSTOCK



## Om Nysgjerrigper

Nysgjerrigper er Forskningsrådet sitt tiltak for elevar og lærarar i barneskulen. Hovudmålet er å oppmuntre barn og unge til å ta vare på og dyrke nysgjerrigheita, forskartrongen og fantasien sin. Nysgjerrigper vil auke interessa for forskning og vitenskap – og håper fleire unge menneske vel forskning som karriereveg.

I tillegg til eit eige vitenskapsmagasin inkluderer tiltaket nettstad og ulike lærartilbod – blant anna rettleiing i korleis barn kan arbeide med eit forskingsprosjekt.

Les meir om tilboda og aktivitetane i tiltaket på [nysgjerrigper.no](http://nysgjerrigper.no)





## Oppgaver til «Geit med dialekt»

### 1. Førlesing

Jobb saman i par.

- Les overskrifta. Kva trur de artikkelen handlar om?
- Kva for andre dyr trur de har dialektar?
- Prøv å mekre i lag på minst tre ulike geitedialektar.

### 2. Finn forskinga i artikkelen

Jobb saman i par.

- Kva ville forskarane finne ut meir om?
- Kva trudde forskarane dei ville finne ut om mekinga til geitekillingane?
- Korleis studerte forskarane geitene?
- Kva fann forskarane ut?
- Kvifor trur forskarane at mekinga endra seg?

### 3. Detektivlesing

Jobb saman i par.

- Kva skil menneske frå andre pattedyr når det gjeld språklydar?
- Kva trur de hadde skjedd om ein hadde flytta ein nyfødd svensk geitekilling til ei norsk geit? Korleis hadde han mekra i starten og etter ei stund? Grunnje svaret.
- Kva for teikn på intelligens les vi om i artikkelen?